

## LANGTIDSVARSEL

(H-dur, capo 2. band)

A - f#7 - h7 - E - A - f#7 - h7 - E - A - E - /F# - /G#

Somme trur det er eit dårleg teikn	A
når det dett fjorten tonn med underkjølt regn	f#7 - E
Gud står og ventar på ein tom perrong	D - C#7
Vil du vite meir så lytt	f#7 - h7
til ein annan song	E
Lytt	h7 - E
Lytt	h7 - E
Lytt – til ein annan song	h7 – E - A
	A – f#7 – h7 – E – A....

Fire tanter med tunge bryst  
kan utruleg nok gi ei form for trøst  
Men fødselen var hard, dei tok oss med tong  
Vil du vite meir så lytt  
til ein annan song  
Lytt – Lytt - Lytt – til ein annan song

Sei meg, søster, kvar skal vi vandre	f#7 – C#7
Fortel meg, bror, kvar du går	h7 - E
Og for alt vi vil forandre	f#7 – h7
er det enno meir vi ikkje forstår	D – E - C#7
Lytt	h7 - E
Lytt	h7 - E
Lytt – til ein annan song	h7 – E - A
	A – f#7 – h7 – E – A....

Det går eit rykte om at vi går i ring A  
 Ein snømann og ein engel seier ingenting f#7-I  
 Dei høyrer kanskje til i ein annan song D-C#  
 Dei høyrer kanskje til ein annan gong f#7-I  
 for somme trur det er eit därleg teikn  
 når det dett fjorten tonn med underkjølt regn  
 og Gud står og ventar på ein tom perrong  
 Vil du vite meir så lytt  
 til ein annan song  
 Lytt-Lytt-Lytt ---

Kva er det som kjem over fjellet	f#7
Kva er det som svevar over vatna	h7
Kva er det som fer etter mørke vegar	D – E – C#7
Kva er det som kjem over fjellet	f#7
Kva er det som svevar over vatna	h7
Kva er det som fer etter mørke vegar	D – E – C#7
Lytt – Lytt - Lytt	